

Sluttrapport og rekneskap for oppstart av Vie Andelslandbruk

- *Eg har aldri teke opp poteter før!*
- *Om nokon hadde sagt til meg for to år sia at eg i dag skulle ligge på alle fire og luke ugras i regn, hadde eg berre flira.*
- *Eg får ein slik ro over meg når eg får jord på hendene.*

Målet med å starte Vie Andelslandbruk:

- Å dyrke våre egne grønnsaker, kortreiste og etter økologiske metodar
- Å bruke den gode matjorda i Førde
- Å skape eit fellesskap på jordet
- Å ta tilbake og vidareføre kunnskapen om grønnsakdyrking, skadedyrskjempelse, konservering, lagring m.m.
- Gjere fleire medvitne om kva arbeid som ligg bak matproduksjon sett i lys av matkasting og ropet på billigare mat.

Ønska effekt av tiltaket:

For det første at medlemmene finn dette både matnyttig, lærerikt og triveleg. I neste omgang at fleire kjem til – både på Vie og andre stader i Førde og Sogn og Fjordane. Vi har fått mange oppslag i både radio, TV og avis i løpet av denne første sesongen, og vi trur at “fenomenet” vil spreie seg, særleg når folk får vite kor vellukka det har vore på Vie.

HISTORIKK

Etter stiftinga i februar, tok det eit par månader før vi fekk klar alle papira til Brønnøysund, men til slutt var organisasjonsnummeret vårt, og vi fekk tilgang til bankkontoen vår, der 35 medlemmer allereie hadde betalt 500 kvar. I tillegg betalte alle inn eit sesonginnskot på kr. 2 500. Vi arrangerte årsmøte, valde styre og vedtok dyrkingsplan. Vi har organisert arbeidsgrupper, der bygningsgruppa har vore den mest aktive.

Grunneigar Sjur Wie og Knut Vebjørnsen (Oikos) pløgde, og harva etter at vi hadde plukka stein. Vi sette potet og sådde, småplantar vart kjøpt på Mo, då vi førebels ikkje har nokon stad å ale opp plantar sjølve.

Vi sleit ein del med å finne ein gartner/rettleiar for heile dyrkingssesongen. Løysinga vart å dele arbeidet mellom to agronomar, begge utdanna ved Sogn Jord- og Hagebruksskule; Veronica Aalhus og Sølvi Wie. Men nettopp det at vi måtte gjere det meste sjølv, gjorde og at vi lærte veldig mykje, både teori og praksis. Då myrstankelbeinlarva byrja å gnage på røtene til grønkålen, las vi oss opp saman med Veronica, og kom fram til at rabarbrabladvok var tingen. Fire-fem av oss drog heim til egne hagar og sette i gang. Fleire titals liter vart sprøyta på kvar einskild plante dagen etter – ein fæla jobb, med det virka!

Så kom kålmøllane, i enorme svermar. Vi hadde enno ikkje fått den svære insektduken på plass, og det vart dusja både med grønsåpevatn og brenneslevatn. Då duken vart lagt over gulrot og delar av kålen, var avlinga berga.

Byggegruppa bygde dass på enden av låven, og vi investerte i kompostdo. Ei anna stor investering var insektduk, som vi la over gulrota og delar av kålen. Duken var gull verdt då kålmøllen kom. Vi har heller ikkje vore plaga med gulrotfloge, og kålsommarfuglen har ikkje gjort særleg stor skade.

Mellom 60 og 70 ulike vekstar har vi dyrka, mellom anna mange typar lauk, salat, betar og kål. Avlinga har vore over all forventning. No er også kvitlauk for neste år kome i jorda saman med fleire urter. Hausting av jordskokk kan snart byrje.

Tidleg i vår utarbeidde vi dyrkings- og vekstskifteplan for arealet, i samråd med Knut Vebjørnsen. No i oktober er vi i gang med evaluering. Alle andelseigarane fyller ut eit skjema med spørsmål om grønsakene (for mykje/for lite, gode/dårlege m.m.) dugnadsinnsats, korleis informasjonen frå styret har vore m.m.

Andelslandbruk er ein viktig, konkret og engasjerande del av det grønne skiftet vi MÅ inn i. Vår visjon er å vise både bønder og andre at det går an å dyrke økologisk her i Sogn og Fjordane ved å gjere det i praksis. Det har vi klart. Det ser ut som mange er overraska over at det har gått så bra. Ein replikk frå tidlegare fylkeslandbrukssjef Per Ingolf Nygård seier litt om kva vi har fått til:

- Korleis har de klart å få så stor avling utan sprøytemidlar??

Vie Andelslandbruk har hatt besøk av heile landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen og vi har hatt open dag. Under Teaterfestivalen i Fjaler heldt Trine Bjarkøy innlegg til inspirasjon for oppstart av andelshage i Dale. I løpet av hausten reiser underteikna, i regi av Naturvernforbundet, til Sogndal for om mogleg å starte opp der eller på Leikanger, der interessa er ganske stor. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane har fått inspirasjon frå Vie til å arbeide for eit andelslandbruk saman med dei to asylmottaka på Indre Øyrane, der Førde kommune eig 2-3 mål.

KOMPETANSE

Ni av andelseigarane deltok på kjøkenhagekurs på Mo (Mo og Øyrane vgs.), noko som var svært nyttig. Heldigvis ser det ut til at kurset også vert arrangert våren 2017, og da vil fleire delta. I tillegg har så langt seks personar (gartnar, dagleg leiar, styreleiar og tre andre frå styret) meldt seg på kurs i andelslandbruk på Sogn jord- og hagebruksskule i 2017.

I juni reiste fire i styret på nettverkssamling for andelsbruk i Oslo, mellom anna med studietur til Øverland, det eldste andelslandbruket i Norge. Dei kom heim med ny kunnskap og giv, som dei vidareformidla til oss andre.

Sjølv om det meste har gått på skjener, har det vore ein del prøving og feiling. Mange kunne lite frå før, og det har vore ein bratt læringskurve for dei fleste, både dei heilt ferske og dei som har putla med litt grønsakhage tidlegare. Veronica Aalhus og Sølvi Wie har begge vore til stor hjelp med rettleiing, småkursing og planlegging av dugnader.

I september hadde vi hausttakkefest, med ein teaterkokk som sette oss i sving med å lage mat av vår eigen produksjon. Han fortalde at vi kunne ete det meste av plantane, til og med vassarven er god i salat. Arvid Oaland er ein inspirator og eit oppkome av gode råd og tips, både til drift, innhausting og kokkelering.

DUGNAD

Vi hadde vedteke 10 dugnadstimar per andel, noko vi ser har vore alt for lite. Mange har stått på i nærare 100 timar, og snittet ligg på mellom 35 og 40 timar per andelseigar. Det viser og at vi har vore utruleg heldige som har sopass mange eldsjeler med – utan hadde det ikkje gått. Det vert nok krav om fleire dugnadstimar i 2017. Samstundes har det sjølv sagt vore ekstra mykje arbeid dette første året (bygging av do, benkar/bord, vask og vasstilgang m.m.).

Det er viktig at folk ikkje går seg leie fordi enkelte tek på seg meir ansvar og arbeid enn andre. Det har likevel gått greitt, då alle har forståing for at til dømes småbarnsforeldre har det meir travelt enn andre. Avlinga har vorte jamt fordelt per andel.

Det er ei svært blanda forsamling – småbarnsforeldre og besteforeldre, einslege og par i alle aldrar. Ivrigar elskar å vere med på alt vi syslar med. På jordet møtast folk som aldri

elles ville blitt kjent med kvarandre, mange seier at det sosiale har vore mykje viktigare enn dei hadde tenkt.

Dei fleste seier også at dei et meir grønnsaker no enn før, så det er helsebringande å vere andelseigar på så mange måtar.

To asylsøkjjarar frå Syria har vore med på mange dugnader, og på lista over nye er det fleire innvandrarakar med. Betre integreringsarena finn ein ikkje!

KOMMUNIKASJON

Vi har etablert kommunikasjon med andelseigarane gjennom SMS, e-post og Facebook. For innkalling til dugnadsinnsats og haustemeldingar har vi stort sett brukt Doodle, men nokon tykkjer det er vanskeleg. Ikkje alle er på Facebook heller, så det har vore viktig å bruke fleire kanalar slik at informasjonen når ut til alle.

Vi har utarbeidd heimeside med informasjon og marknadsføring av andelslandbruket på Vie. Denne sida skal vi jobbe meir med i vinter, og mellom anna legge ut oppskrifter, noko som vi til no har brukt Facebook-sidene til. Vi har ei lokka for medlemmer, og ei opa for alle interesserte; "Vie Andelslandbruk i Førde", som no har 277 medlemmer.

KONKLUSJON

Dette har vore vellukka nybrottsarbeid. Interesse er overveldande. I tillegg til dei 35 medlemmene har per i dag 16 nye meldt seg som nye andelseigarar til neste sesong. Ein suksessfaktor er utan tvil at jordet ligg så nær sentrum. Mange andre andelslandbruk ligg mange mil frå byane, der dei fleste andelseigarane bur.

Helsing

Marit Bendz, fungerande dagleg leiar (sign.)

På vegne av styret i Vie andelslandbruk SA